

Val av representantar til styret for PPT og OT i nedre Hallingdal IKS

Retningslinjer vedtekne i Representantskapsmøtet 20.05.2016

Lovheimel

«Kvar kommune og kvar fylkeskommune skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste. Den pedagogisk-psykologiske tenesta i ein kommune kan organiserast i samarbeid med andre kommunar eller med fylkeskommunen. ...» (Oppll.§ 5-6 Pedagogisk-psykologisk teneste)

Historikk

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) og oppfølgingstenesta (OT) i nedre Hallingdal IKS vart oppretta 01.08.03.

Frå 01.05.05 har hallingdalskommunane Flå, Nes, Hemsedal og Gol kommunar og Buskerud fylkeskommune (Bfk) vore deltakarar i selskapet.

Retningslinjer for arbeidet i selskapet framgår av selskapsavtalen.

Oppdrag

Selskapet ivaretek etter sitt føremål dei oppgåvene som framgår av opplæringslova kap.5, jf.§§ 5-6 og 5-7.

Representantskapet (§6 i Selskapsavtala)

«Selskapets øverste organ er representantskapet. Kommunestyret/fylkestinget i de deltakende kommuner/fylkeskommune oppnevner ett medlem og en personlig varamann hver. Representantskapsmedlemmene og varamenn velges for 4 år av gangen. Deltakerne har stemmerett i representantskapet i samsvar med sin eier- og ansvarsdel i selskapet. Representantskapet konstituerer seg selv og sin leder.»

Val av representantar til representantskapet skjer blant dei folkevalde i dei respektive kommunane etter kommunevalet kvart 4.år. Praksis gjennom 13 år har vore at representantskapsmedlemmane består av ordførarane i dei fire kommunane. Varafolk har vore varaordførarane. Fylkeskommunen vel gjerne ein representant med tilknytning til Hallingdal, men dette varierer frå periode til periode.

Styret

Selskapsavtala §9 : Selskapets styre:

«Selskapet skal ha et styre, som består av 3 medlemmer med personlige varamedlemmer.

Representanter for de ansatte i selskapet har tilsvarende møterett i styret som etter kommunelovens § 26.1.

Styret velges av representantskapet. Styret søkes sammensatt av personer med egnet faglig bakgrunn for drift av selskapet i samsvar med selskapets formål og med nødvendig faglig bakgrunn for å ivareta økonomistyring i offentlig virksomhet.

Styrets leder velges av representantskapet. Styrets leder skal ikke være på valg samtidig med øvrige medlemmer av styret.

Styremedlemmer velges for 2 år. Styremedlemmer tjenestegjør til nye styremedlemmer er valgt, selv om tjenestetiden går ut.

Styret skal føre løpende tilsyn med virksomheten og har ansvar for at pålagte oppgaver utføres i henhold til lov, forskrifter og eventuelle pålegg. Styret sørger for at saker som skal behandles i ordinært representantskapsmøte er tilstrekkelig forberedt. Styret iverksetter representantskapets vedtak, men kan kun påføre deltakerne forpliktelser i den utstrekning det foreligger særlig vedtak om dette i representantskapet.

Styret ansetter daglig leder og fastsetter vedkommendes lønns- og arbeidsvilkår.»

Val til styret

Selskapsavtala seier ikkje noko om korleis val til styre skal skje, men krev at styret skal vera

«... sammensatt av personer med egnet faglig bakgrunn for drift av selskapet i samsvar med selskapets formål og med nødvendig faglig bakgrunn for å ivareta økonomistyring i offentlig virksomhet. ...»

Vurdering

Fordi PPT og OT er kommunens og fylkeskommunens 1.lineteneste innanfor fagfeltet pedagogikk og utviklingspsykologi (jf. Opplæringslova § 5-6 Pedagogisk-psykologisk teneste), og omfattar barn og ungdom med særskilte behov i barnehagealder, på grunnskulenivå og vidaregåande opplæring samt vaksenopplæring, er det ein føresetnad for god og føremålstenleg styring av selskapet at styret er samansett av medlemmar med pedagogisk kompetanse og med inngåande kjennskap til regelverket knytta til opplæringslova kap.5.

I kommunar med eiga teneste er denne som oftast underlagt barnehage- og skulefagleg ansvarlege fordi tenesta er heimla i opplæringslova i kapittelet om spesialundervisning. Det vil derfor også vera naturleg at styret i PPT og OT i nedre Hallingdal IKS er samansett av medlemmar med pedagogisk kompetanse og med ansvar på overordna nivå.

Barnehage- og skulefagleg ansvarlege skal etter opplærings- og barnehagelova ivareta eigarkommunen sine interesser innafor fagområdet. Barnehage- og skulefagleg ansvarlege i ein kommune har også kompetanse når det gjeld økonomisk styring – og særleg når det gjeld økonomi knytta til opplæring. Dei har det overordna økonomiske ansvaret innafor sitt fagområde. I styrearbeidet vil det av og til vera nødvendig å behandle saker som krev at styremedlemmane har slik overordna innsikt og mynde. Barnehagelærarar, styrarar, lærarar og rektorar er direkte samarbeidspartar til dagleg leiar og tilsette i PPT og kan vera direkte involverte i saker styret behandlar. Det mest føremålstenlege er derfor at medlemmane av styret er tilsette på kommunenivå som barnehage- og skulefagleg ansvarlege (kommunalsjef/oppvekstsjef).

Då selskapet var nyoppretta i 2003 var det behov for økonomikompetanse i det ferske styret. Etter kvart som dagleg leiar og styret har fått erfaring med drift av selskapet, har denne kompetansen vorte bytta ut med pedagogisk kompetanse.

Dei to største kommunane (Gol og Nesbyen) har hatt fast representasjon i styret saman med ein representant frå fylkeskommunen. Dei to minste kommunane (Hemsedal og Flå) har stilt med varafolk for dei faste styremedlemmane. Det har variert kven som har vore vara for kven.

Konklusjon

Ut frå selskapsavtala og for å sikre forsvarleg kompetanse og innsikt i fagområdet medlemmane i styret i PPT og OT i nedre Hallingdal IKS skal ivareta, skal styremedlemmane vera barnehage- og skulefagleg ansvarlege og veljast blant desse i dei respektive kommunane.

Framgangsmåte

Når styre-/varamedlemmar er på val, skal dagleg leiar ta kontakt med rådmannen i dei respektive kommunane for å få avklara kven som blir utpeika som kommunens representant for val til styret. Dette skal skje straks etter styrets årsmøte – og med svarfrist - slik at innstilling kan liggja ved innkallinga til representantskapsmøtet. Dersom eit styre-/varamedlem går ut av styret midt i perioden, gjeld same framgangsmåte. Etter at rådmannen har utpeika ny representant for kommunen, går denne inn i styret som observatør med møte- og talerett fram til representantskapet gjer vedtak om endringa.

Tillegg/presiseringar i representantskapet 4. juni 2021, delegert til styret å formulere i retningslinene:

Valkomité til styret

Selskapsavtala regulerer ikkje bruk av valkomité til val i styret. Det er naturleg at leiar av representantskapet har denne rolla.

Val av nestleiar i styret

IKS-lov krev val av nestleiar i styret, dette er ikkje regulert i selskapsavtala:

Representantskapet velger styrets leder og nestleder med mindre det er fastsatt i selskapsavtalen at valget foretas av styret selv.

Konklusjon

Leiar av representantskapet er valkomité for val til styret, inkl. innstilling på val av leiar og nestleiar i styret.